



Rognaldsen Eiendom AS
v/Sverre Larsen Gangstøvegen 24
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14628 - 20/60828

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
28.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 133/14 Soltveit Søndre

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 133/14
Tiltakshavar: Rognaldsen Eiendom AS

Alver kommune har den 25.08.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert ei stor mengd med framandelement (filler) og lause skiljeveggar i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Remmo 5, 5911 Alversund.

Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan også føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

Dersom dette fortset, vil framtidig tømning av tanken bli vanskeleggjort og kan føre til ein ekstra, unødvendig kostnad for dykk.

Lause skiljeveggar i tanken gjer at slammet går vidare til neste kammer der utløpet er, med fare for at slammet renn rett ut i grunnen.

Dei same avvika i tanken vart og rapportert frå Norva24 AS i 2018. Tilstanden er ikkje utbetra.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 30.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegga dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre skiljeveggane i tanken, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når tanken er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Rognaldsen Eiendom AS

v/Sverre Larsen
Gangstøvegen 24

5911 ALVERSUND